

HOL KOMMUNE

3576 HOL

| | | |
|---------------|------------------------|------------|
| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Dato: |
| Atle Kleivdal | Sak/dok.: 08/03199-131 | 12.03.2025 |
| | Ark.: 326.12 | |

Innspel til adressenamn – Tjuvkjellarhaugan/Tjuvekjellarhaugan – Hol kommune

Me viser til vedtaket Hol kommune har gjort om dei to nye adressenamna og til telefonsamtalen me hadde med sakshandsamaren dykkar i går. Kartverket noterer at kommunen har vedteke *Evenstølvegen* som skrivemåte, *ikkje Evenstølsvegen*, og at kommunen vil korrigera namnet i matrikkelen. Me noterte oss òg at kommunen vil vurdera skrivemåten av adressenamna *Tjuvkjellaren* og *Tjuvkjellarhaugan* på nytt, jf. naturnamnet *Tjuvekjellartjørnan*.

Tjuvkjellarhaugan

Kartverket gjorde vedtak om skrivemåten av tjørnnamnet *Tjuvekjellartjørnan* i 1994. Vedtaket vart ikkje påklaga av Hol kommune eller av andre med klagerett lokalt. I boka *Norske innsjønamn II Buskerud fylke* frå 1933 av Gustav Indrebø står namnet på tjørnane med uttalen /kju:ˈvøkɛllarkønnann/. Den same uttalen vert stadfest i heradsregisteret frå 1941: /kju:ˈvøkɛllarkønnan/. Vokalen /ø/ her er ein open e-lyd. Dialektordet «tjuvekjellar» er dokumentert frå Uvdal, som Dagali tidlegare var del av, i Tov Flatin si bok *Gamalt frå Numedal 3*, s. 86, der det er forklart at «kjuvekjellara» var hòl i jorda som tjuvar grov ut og budde i. I Språkrådet si tilråding til kommunen dagsett 11.02.2025 står m.a. fylgjande: «*Adressenavnet må følge skrivemåten som er vedtatt for primærnavnet, jf. § 4 tredje ledd og § 11 første ledd i stedsnavnloven. Vi tilrår derfor skrivemåten Tjuvekjellarhaugan. Adressenavnet Tjuvkjellaren må også endres til Tjuvekjellaren i samsvar med vedtaket*».

Språkrådet sin merknad her kan lesast som at dei tek opp namnesak for det eksisterande adressenamnet *Tjuvkjellaren*, jf. § 6 i lova. Dei to adressenamna som inneheld *Tjuvekjellar-* bør naturlegvis skrivast likt, so det er rimeleg at kommunen no vil handsama skrivemåten av baa desse adressenamna på nytt.

Saksgang ved fastsetjing av stadnamn

Saksgangen i ei namnesak er beskriven i § 8 og 9 i lov om stadnamn og i § 8 og 9 i forskrift om stadnamn. Der går det m.a. fram at kommunen har ansvar for å kunngjera saka for dei som har rett til å uttala seg lokalt, og at saka skal leggjast fram for stadnamntenesta i Språkrådet før kommunen gjer vedtak. I § 9 i forskrifta står det kva informasjon ei kunngjering av vedtaket skal innehalda. Alle vedtak skal meldast til Kartverket for registrering i Sentralt stadnamnregister (SSR), jf. § 9 siste ledd, og det gjeld òg adressenamn. Kommunen sender då vedtaksprotokollen og saksutgreiinga for namnevedtaket. Språkrådet skal òg ha kopi av brevet.

Venleg helsing

Erlend Trones
namneansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET